

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 09.04.2019

Innkalt: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Kaia Gulbrandsen, Sigmund Eiken, Ole Gisle Vassel, Liv Bente Steiro, Jan-Tore Huus og Birte Torgersen (alle vara er innkalt)

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Ole Gisle Vassel og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Sigmund Eiken og Liv Bente Steiro. Ikkje møtt: Jan-Tore Huus og Birte Torgersen

Referent: Kaia

Sak 2019/23: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2019/24: Godkjenning av referat frå styremøte 12.03.19; godkjent

Sak 2019/25: Val av styreleiar og konstituering av styret:

Årsmøtet 17. mars vedtok å overlate til det nye styret saman med varamedlemmene å utpeike ny leiar fordi valnemnda ikkje hadde lukkast i å nominere ein leiarkandidat, og det heller ikkje kom opp benkeforslag på årsmøtet. Styret vart vidare bedt om å kalle inn til ekstraordinært årsmøte for val av leiar når det har ein kandidat klar.

Styret greidde ikkje å utpeike leiar, og ber valnemnda om å arbeide med å finne ein kandidat. Gunnar Dalseth vart på årsmøte valt til nytt medlem i valnemnda som erstatning for Kjellaug Hoås Samland som har vore med i tre år. Valnemnda varslar styret når dei har funne ein kandidat, og styret vil deretter kalle inn til ekstraordinært årsmøte med sju dagars varsel i fylgje vedtektene

Styret har og ved leiars avgang eit styremedlem for lite på grunn av valprosedyren på årsmøtet. Styret kom fram til at det er betre å fyrst velje nye styremedlemmer (tre eller fire) på årsmøtet, og deretter velje leiar blant dei som dermed er med i styret. Vedtektene gir rom for det, men bør presiserast. Dermed blir det også slege fast at styreleiar i alle tilfelle er med i styret for to år.

Styret går ut frå at Gunnar held fram som styreleiar til ny leiar er vald. Avtroppande styreleiar vil hjelpe til for å lette overgangen for ein ny leiar.

Styret hadde ein runde på styremøtet på om vi har eit aktivitets- og ambisjonsnivå som er for krevjande, og kva ein kan gjere for å forenkla ting og fordele på arbeidet og gje folk lyst til å seie ja til verv, og vil særleg forenkla organiseringa av større tilstellingar

Konstituering:

Leiar: veljast på ekstraordinært årsmøte

Nestleiar: veljast av styret når leiar er valt

Skrivar: Kaia Gulbrandsen

Kasserar: Angunn Handegard Trå

Styret har peikt ut styrekandidatar til følgjande styrer:

- Herand Omsorgsbustader; Kenneth Vikane.
- Herand Landhandleri AS; Trond Vikane og Gunnar Dalseth (desse vart valt på sist generalforsamling, og sitter til neste, ev. nye kandidatar må utpeikast då)
- Herand Aktiesagbrug: Gunnar Dalseth. (Herand Aktiesagbrug ventar for tida på at Stiftelsestilsynet skal godkjenne samanslåing av stiftinga med Hardanger og Voss Museum, og det er uvisst om det blir fleire årsmøte)
- Jondal Frivilligsentral hadde årsmøte 18. mars der vi fekk inn vår kandidat Trond Vikane i styret

Sak 2019/26: Tilstellingar:

- **Status bygdedugnad 27. april:** Invitasjon til å sende inn arbeidsoppgåver er sendt ut, og ein del oppgåver har kome inn. Sigmund Eiken og Thorleif Gjernes koordinerer oppgåvene og dugnaden. Kaia lagar plakat.
- Dugnad i kulturstien onsdag 8. og torsdag 9. mai frå kl. 17.00. Kenneth Vikane koordinerer dugnadene her
- Servering til pensjonistlag (80 pers) i Kulturhuset måndag 3. juni. Kjøkkenkomite klar, Marta Samland leier denne.
- **Status Herandshelg 21. – 23. juni:** Gunnar Dalseth kallar inn lag/verksemder til nytt planleggingsmøte 16. april. Møtet lagar komite, Gunnar er med i denne.

Sak 2019/27: Eigedomar:

- Lagerrom bak kjøken ferdig isolert og vaska. Arbeider vidare med å flytte lager i rektorkontor ned, prøver å ha dette klart til ny leigetakar til påskehelga.
- Overtaking av Nilsaflaten ved Meieriet til kommunen; trong for nabovarsel som vart sendt ut 15. mars med to veker frist på innspel. Styret fylgjer med i prosessen vidare, og vil vurdere å bruke sitt ekstra areal bak Meieriet til å få eit areal for parkering og uteplass for restauranten i samarbeid med ny eigar, Jondal kommune.

Sak 2019/28: Søknader/fristar etc:

- Frist til å søkje kommunen om stønad til lagshus er utsett til 1. mai. Skrivar og kasserer ansvarleg for søknad.
- Hardangerstiftinga må få rapport for utbetaling av tildelte midlar til reperasjon av dragar i leskur og skifta glas innan 1. mai. Skrivar ansvarleg for rapporten.

Sak 2019/29: Eventuelt;

Ingen saker.

Neste styremøte tysdag 14.05.19 kl. 19.00 på Herand kulturhus.